

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Jo Bjarte Tømmerbakke	FE-026	18/48

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
024/2019	Kommunestyret	PS	02.05.2019

## **IKT Nordhordland - utviding med fleire kommunar og endring av samarbeidsavtale**

### **Forslag til vedtak:**

Modalen kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.

Modalen kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.

### **Saksopplysningar:**

#### **Bakgrunn**

Kommunestyra i eigarkommunane til IKT Nordhordland (IKTNH) gjorde i juni 2018 vedtak om at ein skulle starta opp arbeidet med å sjå på moglege utviding av IKTNH.

IKT Nordhordland vart etablert i 2011 gjennom ein samarbeidsavtale mellom Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen, Osterøy, Radøy og Vaksdal om leveranse av IKT-tenester til kommunane. Eininga vart organisert som eit § 28 vertskommunesamarbeid med Osterøy kommune som vertskommune. I 2018 vart samarbeidet omgjort til eit § 27 samarbeid.

Samarbeidet har ført til gode og effektive IKT-tenester i regionen, og samarbeidskommunane har fått gode og effektive tenester av høg kvalitet.

Sidan 2016 har Austevoll kommune kjøpt IKT-tenester av samarbeidet.

Eigarkommunane har hatt to saker om IKTNH til handsaming i løpet av 2018:

- Februar 2018
  - Omgjering av vedtektene frå § 28 til eit § 27 selskap

- Oppstart av konseptfasen om utgreiing av spørsmålet om utviding av IKTNH
- Omgjering av vedtektene frå § 28 til eit § 27 selskap
- Oppstart av konseptfasen om utgreiing av spørsmålet om utviding av IKTNH
- Mai/juni 2018
  - Arbeidet med å utvida IKTNH bør starta så raskt som mogeleg

Bestillinga frå kommunestyra om å sjå på ei mogeleg utviding av IKTNH er no gjennomført. Vedlagt er rapporten frå arbeidsgruppa og forslag til endring av samarbeidsavtalen

### **Vurdering**

Utgreiingsarbeid (rapport Hovudprosjekt Utviding IKTNH) er no gjennomført og konklusjonen er at IKTNH bør utvidast med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger. Austevoll er i dag drifta av IKT Nordhordland og det vil berre vera mindre justeringar når dei vert tatt inn som ordinært medlem. Dei to andre kommunane har ein struktur og storleik som gjer at dei lett kan takast inn i drifta til IKTNH. Alle tre kommunane ønskjer å bli med i IKTNH som ordinær deltakar.

Ei utviding vil medføra betre utnytting av den kapasitet og kompetanse som IKTNH har bygd opp. Og vil frigjera ressursar som kan styrkja naudsynt satsing på digitalisering og innovasjon for å møte framtidige behov og krav på ein god måte.

Tilleggskostnader for implementering av utvidinga vert finansiert av kommunen dette gjeld.

Ei utviding av IKTNH vil stilla større krav til eintydig styringsstruktur. Det vert derfor tilrådd at IKTNH vert eit eige rettssubjekt. Det betyr følgjande:

- Osterøy kommune vert ikkje lenger kontorkommune
- Dei tilsette vert overført frå Osterøy kommune med alle rettar til IKTNH
- IKTNH kan vera ein avtalepart og inngå avtaler
- IKTNH kan ta opp lån.

Dette legg til rette for ei god drift framover, og seinare eit grunnlag for vidare utviding dersom det skulle bli naturleg.

Rapporten og den konkrete tilrådinga:

- IKTNH vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger
- IKTNH vert eit eige rettssubjekt

Dette er støtta av rådmannsutvalet i møte 14.01.19 i sak 3/19 og Regionrådet i møte 25.01.19 i sak 6/19. Saka har også vore i strategiutvalet og seinast i rådmannsutvalet 29. mars 2019.

### **Konklusjon**

I ny kommunelov er § 27 erstatta med § 19 som er kommunalt oppgåvefellesskap. For den type oppgåver som IKTNH utfører, er det naturleg at samarbeidet vert vidareført som eit kommunalt oppgåvefellesskap.

Kommunelova § 19 set formelle krav til kommunalt oppgåvefellesskap. Desse krava er ivaretatt i vedlagte forslag til samarbeidsavtale. Representantskapet er det øvste organet i eit kommunalt oppgåvefellesskap og bør i dette tilfelle bestå av ordførarane i deltakarkommunane. Representantskapet vedtek dei overordna føringane for selskapet og vel eit styre som bør bestå av

rådmennene i deltakarkommunane.

### **Kommunestyret - 024/2019**

#### **KS - behandling:**

Ordfører og rådmann orienterte om saka.  
Samrøystes vedteke

#### **KS - vedtak:**

Modalen kommune vedtar at **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** vert utvida med kommunane Austevoll, Gulen og Samnanger.

Modalen kommune vedtar samarbeidsavtalen for **IKT Nordhordland kommunalt oppgåvefelleskap** slik den ligg føre.

#### **Vedlegg:**

Fylgjeskriv - sak IKTNH utviding til kommunestyra  
IKTNH Utviding Hovudprosjekt  
Samarbeidsavtale IKT Nordhordland - 12 kommunar - §19